



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Førde, 15. januar 2013

NVE – konsesjonsavdelinga
nve@nve.no

Breim kraftverk i Gloppen – fråsegn om tilleggssøknad

Vi viser til høyringsbrev av 17.10.2012 og har desse merknadene til søknaden:

1. Alternativ C samanlikna med A

Etter den breie og tydelege motstanden som i førre høyringsrunden kom fram mot den første søknaden, går vi ut frå at det ikkje er aktuelt for NVE å gje konsesjon til alternativ A. Våre innvendingar har vi gjort greie for tidlegare.

Utbygging etter alternativ C vil gjere vesentleg mindre skade enn alternativ A ville føre med seg, ved at utløpsosen nedanfor Seime bru får naturleg vassføring og at det ikkje blir noko inngrep i Seimestranda.

På den andre sida har det komme tydelegare fram det siste året at landet har eit stort kraftoverskot, som berre vil auke dersom nye kraftverk kjem til. Dette tilseier at nytten for samfunnet av nye kraftverk er stadig fallande. Også konsekvensane for næringsliv og sysselsetting i kommunen vil vere små. Det går fram av den første søknaden. Når nytten for samfunnet er liten, må det følgje av konsesjonsprinsippet å avvise søknaden sjølv om dei påviselege skadane på natur og landskap er moderate.

Vårt prinsipale standpunkt er difor at NVE bør seie nei til planen om Breim kraftverk. Hovudargumentet for denne tilrådinga er omsynet til dei samla påkjenningane i vassdraget. Nedanfor Bergheimsvatnet er det svært lite igjen av uforstyrra elvestrekningar i Breimsvassdraget.

2. Konsekvensar for naturen av alternativ C

Endringar i vassdraget

Trass i den klare konklusjonen i den fiskerifaglege rapporten om at den påverka elvestrekninga ovanfor Seime bru ikkje gyteplass eller leveområde for stor aure, dukkar det stadig opp lokal dokumentasjon som fortel om tidlegare fangst av storaure på den aktuelle strekninga. Det tilseier at om ikkje elva er gyteområde for storaure, er ho ein del av leveområdet for fisken. Ytre påverknad kan ha endra dei økologiske vilkåra i elva, og dermed det aktuelle livet. Dette treng ikkje vere ein varig tilstand, og vi meiner at i slik tilfelle bør den potensielle tilstanden vere utgangspunktet for vurdering av nye inngrep.

Under alle omstende er det fisk i elva, også i dag. Søkjaren har gjort framlegg om ei minstevassføring på $4 \text{ m}^3/\text{sekund}$ om sommaren og $1 \text{ m}^3/\text{sekund}$ om vinteren. Etter § 10 i vassressurslova skal minst den vanlege lågvassføringa vere igjen ved uttak av vatn frå vassdrag. Den er $2,58 \text{ m}^3/\text{s}$, og i periodar er vintervassføringa atskilleg større.

Verst er likevel forslaget om $4 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren. 5-persentilen er på $11,90 \text{ m}^3/\text{s}$, som altså inneber at i 95 prosent av tida er sommarvassføringa større enn $11,90 \text{ m}^3/\text{s}$. Medianverdien for vassføringa er om sommaren ikkje høgre enn at slukevna fangar opp nesten all vassføring (minus minstevasskravet) i meir enn halvparten av tida. Forslaget er ei dramatisk endring av vassføringa og ei uakseptabel forverring av vilkåra for alt naturleg liv i elva. I eit område så dominert av jordbruksmark som tilfellet er langs Breimselva, vil det alltid vere ein del tilsig av næringsstoff frå markene. Den vassføringa som søkjaren har søkt om, vil etter vår oppfatning langt frå vere stor nok til å halde opp ein god økologisk tilstand i elva.

Søkjaren opplyser at dei vil gjennomføre meir gransking av vasskvaliteten i vinter. Vi kjenner ikkje resultata, og kan vanskeleg ha noko presist standpunkt til kor stor minstevassføringa om sommaren bør vere. Men vi trur at også det talet som søkjaren opererer med i alternativ A, $6 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren, er for lite til å halde oppe god økologisk kvalitet, medrekna vilkåra for fisk i elva.

Inngrep i terrenget

Alternativ C inneber å flytte inngrepa i terrenget til eit areal som frå før er sterkt prega av bruk. Å nytte tunnelmassane til å heve terrenget vest for Breimshallen har vi ikkje sterke meiningar om. Vilåret må vere at den dyrka jorda oppe på steinfyllinga vert djup nok til å gje sikre avlingar. Den eksisterande skogen langs elvekanten bør bli ståande, det vil seie at fyllingsfoten må ligg nokre meter frå elvekanten.

Med helsing

Thorleif Jakobsen

- leiar -

